

Haugaland og Sunnhordland tingrett
inviterer til

Barnefagleg seminar



Jartrud S Frafjord



Frode Thuen



Katrin Lemjan



24. oktober 2024
(09.00 – 16.00)

Pris: 1000,- inkludert lunsj

Det blir delt ut kursbevis til dei som ønskjer det.



Quality Hotel Maritim,
Haugesund

Påmeldingsfrist: 5. juli 2024

Påmelding på denne lenka:

<https://forms.office.com/e/2gKPACgAxr>

Målgruppe:

Dommarar, advokatar, barnefagleg sakkunnige, tilsette i barnevernteneste, familievernkontor, BUP og andre som arbeider med med barnefaglege spørsmål.

Tema 1: Samværsordningar for små barn (0-3 år)

- Forsking om samværsordningar for små barn
- Faglege perspektiv og kunnskap om små barn som grunnlag for vurderingar om samvær.
- Innverknaden av foreldrekonflikten på dei yngste borna og kva konsekvensar bør det ha for samvær.
- Samvær, delt fast bustad og foreldresamarbeid for små barn i høgrisikofamiliar.

Tema 2: Samværsvegring

- Korleis ein kan forstå barns avvising av kontakt med far eller mor.
- Nyttige og problematiske omgrep for å skildra samværsvegring.
- Dei faglege kontroversane om barn som avviser sine foreldre, og kva forskning seer om dette.



Det vert føredrag av psykologane Jartrud Frafjord, Frode Thuen og Katrin Lemjan. I tillegg vert det paneldebatt der advokat Ingrid Lauvås deltek.



Jartrud S Frafjord

Jartrud S Frafjord er utdanna psykolog og har 11 års erfaring som meklar og terapeut i familievernet. Ho har også fleire års erfaring som barnefagleg sakkunnig i foreldretvistar.

Ho er leiar for Bufetats nasjonale spisskompetansemiljøet for barn og unge i familievernet og har særleg kompetanse på langvarige foreldrekonflikter og konsekvensane det kan ha for foreldre og barn. Frafjord har skreve Bufetat sin rettleiar for samtaler med barn i mekling, og Bufdir sin rettleiar om samværsvegring.

Ho har undervist mykje for familievern, barnevern og domstolar om m.a. samværsvegring og samværsordningar for dei minste borna (0-3 år). Hun skriv no på ein ny rettleiar om samværsvegring, som m.a. vil innehalde ei sjekklister for utgreiingar av årsaker til langvarig stans i samvær.



Frode Thuen

Frode Thuen er psykolog og professor i psykisk helsevern ved Høgskolen på Vestlandet, og ein av landets mest profilerte samlivseksperter.

Han har m.a. forska på konfliktfylte samlivsbrot, inklusiv krevjande foreldre-barn relasjonar, sidan slutten av 1990-tallet. Han har også vore ekspertvitne og sakkunnig i ei rekke foreldretvistar for domstolen der barn har nekta samvær med ein av foreldra. Han var elles med i det regjeringsoppnemnte Barnelovsutvalet i forkant av endringene av barnelova i 2009.



Katrin Lemjan

Katrin Lemjan er psykologspesialist i klinisk samfunnspsykologi, med vidareutdanning i relasjonelt arbeid og sakkunne, tilknytning og samspel. Katrin har jobba mest med dei minste borna og deira foreldre, m.a. gjennom mange år ved foreldre-barn-senter. Observasjonar av dei mest sårbare borna i samspel med sine foreldre over tid har gitt verdifull erfaring i korleis ein kan tolke og forstå dei minste bornas behov, og korleis tilknyttinga blir forma.

Katrin har også i mange år arbeida som sakkunnig i barneverns- og barnelovssaker, og som fagkunnig meddommar. Katrin arbeidar også i SamSteg, som gir rettleiing til tilsette i emosjonelt krevjande arbeid.